



Os kommune  
Kartlegging av  
funksjonell strandsone

Utgåve 1  
Dato 14.12.2016



#### DOKUMENTINFORMASJON

---

Oppdragsgivar: Os kommune  
Rapporttittel: Os kommune\_Rapport kartlegging funksjonell strandsone  
Utgåve/dato: 01 / 14. des. 2016  
Arkivreferanse: -  
Oppdrag: 609489-01 – Kartlegging av funksjonell strandsone i Os  
Oppdragsleder: Karianne Eriksen  
Fag: Analyse  
Tema: Stedsutvikling  
Skrevet av: Karianne Eriksen  
Kvalitetskontroll: Guro Steine  
Asplan Viak AS [www.asplanviak.no](http://www.asplanviak.no)

---



## FØREORD

Denne rapporten inneheld ei kartlegging av strandsona for heile strandlina i Os kommune. Kartlegginga inneheld ei avgrensing av kommunen sine funksjonelle strandsoneareal og skal vere eit grunnlag for rulleringa av kommunens arealplan (KPA).

Asplan Viak AS har gjennomført analysen gjennom synfaringar i felt, kartlegging av datakjelder, kommunen sine kartleggingar og digitale analysar. Karianne Eriksen har vore Asplan Viak sin oppdragsleiar. Medarbeidarar har vore landskapsarkitekt MNLA Guro Steine, geograf Fredrik I. Boge og arkeolog Kjersti I. Vevatne. Der ikkje anna kjelde er oppgitt, er alle bilete tatt av og kart utarbeidd av Asplan Viak AS.

Kontaktperson i Os kommune har vore Arne-Richard Stadaas

Bergen, 14.12.2016.

Karianne Eriksen

Oppdragsleiar

(sign.)

Guro Steine

Kvalitetskontroll

1	Innleiing .....	6
1.1	Bakgrunn og problemstilling .....	6
1.2	Målsetjing .....	6
1.3	Strandsona i arealplanlegging og forvaltning. Lovgrunnlag.....	6
2	Metode .....	6
2.1	Definisjon av viktige omgrep nytta i kartlegginga .....	6
2.2	Avgrensing av analyseområdet.....	7
2.3	Metodikk.....	8
2.4	Kjelder og innsamling av data.....	9
3	Eksempel på bygging i strandsona .....	10
3.1	Bustad og fritidsbusetnad .....	10
3.2	Småbåthamn, naust og brygger.....	11
4	Gjennomgang av kartleggingsområda .....	12

**Vedlegg:** Temakart tilgjengelighet  
Temakart: Funksjonell strandsone - alle temalag.  
Temakart: Funksjonell strandsone - sumkart.

# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn og problemstilling

Kartlegginga av strandsona skal inngå som del av grunnlagsmaterialet for rulleringa av kommuneplanens arealdel. Kartlegginga skal danne grunnlag for ei kvalitetsvurdering og differensiering av forvaltning av 100 meters beltet. I dette arbeidet vert det sett funksjonell strandsonelinje.

Gjennom ei kartlegging av funksjonell strandsoner er målet å sikre ei langsiktig og berekraftig forvaltning der kommunen best mogleg kan ivareta dei omsyna som gjer seg gjeldande i strandsona.

Kartlegging av funksjonell strandsoner ein systematisk gjennomgang av kva som er forholdet mellom sjø og land i kommunen. Sjølv om kartlegginga ikkje er ein eksakt vitenskap vil det gje godt innsyn i arealbruken i strandsona og eit oversyn over den bruksmessige samanhengen mellom land og sjø.

Os kommune vil i det vidare arbeidet med kommuneplanen setje formålsgrenser og byggjegranser sjølv. Målsettinga bl.a. er ei lokal tilpassa byggjegrænse mot sjø som kan erstatte 100-meters byggjegrænse, jf. plan- og bygningslova § 1-8.

## 1.2 Målsetjing

Det skal gjennomførast kartlegging av funksjonell strandsoner for heile strandlinje i Os kommune.

Kartlegginga skal peike på verdiar og interesser i strandsona som naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturminne og kulturmiljø. Ein kan dermed identifisere område som ikkje bør byggast ut og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting.

Kartlegginga skal resultere i ein temarapport med tilhøyrande kartdata som skal fungere som grunnlag for planarbeid i kommunen.

## 1.3 Strandsona i arealplanlegging og forvaltning. Lovgrunnlag


Analysen tar utgangspunkt i temainndeling og metode skildra i Strandsonerplan Sunnhordland<sup>1</sup>. Metoden tek i bruk viktige prinsipp frå strandsonerettleiaren for Hordaland frå 2007<sup>2</sup>. Metode og vurderingskriterier er i vår analyse bearbeida, mellom anna for å fange opp nye planretningslinjer for forvaltning av strandsona.

Nye planretningslinjer for strandsona, "Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen", vart fastsett ved kgl.res. av 25. mars 2011, jf. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 § 6-2.

Formålet med retningslinjene er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Formålsparagrafen slår fast at målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen, jf. forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen i § 1-8 i plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 (plan- og bygningsloven). Retningslinjene og byggjeforbodet omfattar by- og tettstadsområde, men her skal behov for fortetting og byutvikling vektleggjast, og byggjeforbodet gjeld ikkje der anna byggjegrænse er fastlagt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan.

Nytt i retningslinjene er ei sterkare geografisk differensiering, der vernet vert gjort strengast i sentrale område der presset på areala er stort, og mindre strengt utanfor pressområda. Os kommune er definert

i kategorien "andre kommunar med stort arealpress". Os har stort utbyggingspress knytt til strandsona og har ein attraktiv skjergard.



Figur 1 Kart som viser arealpress i strandsona langs sjø i Vest-Norge. Os kommune er blant kommunar med stort arealpress. Kjelde: [http://www.regjeringen.no/pages/16120532/Strandsoner\\_Vest\\_Norge.pdf](http://www.regjeringen.no/pages/16120532/Strandsoner_Vest_Norge.pdf)

## 2 METODE

### 2.1 Definisjon av viktige omgrep nytta i kartlegginga

**Strandsona** Den strandsonen som forstås med de land- og sjøområder som står i innbyrdes direkte samspill økologisk og/eller bruksmessig. (MD1993.)

#### Differensiert strandsonerforvaltning

Differensiering på grunnlag av lokale og regionale ulikskapar, samstundes som ein tek omsyn til natur, kulturlandskap, allment friluftsliv, biologisk mangfald. Verktøy: funksjonell strandsoner.

#### 100-metersbeltet mot sjø

Frådelings- og byggjegrænse mot sjø, jf. PBL (2008) § 1.8, *Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag*.

#### Funksjonell strandsoner

Den strandsona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet.

<sup>1</sup> «Differensiert strandsonerforvaltning i Sunnhordland. Forstudie. Samarbeidsrådet for Sunnhordland, hovudrapport 22.11.2010, 2010 av Akvator

<sup>2</sup> Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland. Fylkesmannen i Hordaland/Hordaland fylkeskommune 2007.

Strandsonerettleiaren *Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland*. (Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune 2007).

I analysen for Os har vi i samråd med kommunen vektlagt det bruksmessige i form av tilgjengeleg strandsoner, og då som tilgjengeleg for ålmenn bruk og friluftsliv.

**Inngrep** Omfattar alle fysiske inngrep som mellom anna vegar, bygningar, kulturminne og leidningsnett mm.


### Tilgjengeleg strandsoner

Tilgjengeleg strandsoner er strandsoner tilgjengeleg for friluftsliv. Avgrensinga er basert på topografi og arealbruk som stenger for allmenn ferdsel. I eit friluftslivsperspektiv er topografi avgjerande for tilgjenge. Områder med hellingsgrad brattare enn 25 grader er definert som utilgjengeleg, då hellingsgraden gjer brattare terreng enn dette vanskeleg å ta seg fram i.

## 2.2 Avgrensing av analyseområdet

Analyseområdet omfattar 100-metersbeltet langs sjø i heile kommunen, både fastlandet og øyar. Kartlegginga er i rapporten fordelt på i alt 11 kartblad med inndeling som vist i figur 2.

Kartlegging og vurdering er utvida der strandsona inngår i ein større samanheng utover 100-metersbeltet, slik som samanhengande landskapsform, eller i grendene der opne kulturlandskap og landskapsrom omfattar eit heilskapleg område frå fjord til ei klar grense mot veg, skog eller fjell.



Figur 2 Kartet syner studieområdet med inndeling i utsnitt/kartblad og nummerering som presentert i kap.4

## 2.3 Metodikk

### 2.3.1 Forstudien «Differensiert strandsonerforvaltning i Sunnhordaland»

Analysen tar utgangspunkt i temainndeling og metode skildra i Forstudien «Differensiert strandsonerforvaltning i Sunnhordaland» frå 2010, utarbeida av Akvator. Akvator sine forslag til kriterium for kartlegging av funksjonell strandsoner tar for seg følgjande 7 omsyn/tema:

1. Naturmangfald
2. Landskap
3. Kulturminne
4. Friluftsliv
5. Landbruk
6. Infrastruktur
7. Plan

Metode og vurderingskriterier er bearbeida og tilpassa lokale forhold / tilgjengelege datakjelder. For tema plan har vi i dette arbeidet tatt omsyn til gjeldande planstatus i kommuneplan og vedteke reguleringsplaner, men dei er ikkje lista opp i tabellane for kvar enkelt område. Kartlegging byggjer på eksisterande kartleggingar / tilgjengelege datasett og konkrete vurderingar på gjennomførte synfaringar. Skråfoto av strandsona har vore gode hjelpemiddel i kartleggingsarbeidet, som supplement til synfaring.

### 2.3.2 Fastsetjing av funksjonell strandsoner (FS)

Kartlegging av funksjonell strandsoner inneber eit lokalt kartleggingsarbeid, både i form av samanstilling av eksisterande kunnskap og nye vurderingar. Målsettinga er å fastsetja avgrensing for funksjonell strandsoner, definert i strandsoneretleiar frå 2007 som *”Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet”*. Definisjonen viser til ei funksjonell strandsoner som ikkje nødvendigvis følgjer 100-metersbeltet, men som kan vere både smalare og breiare.

I Os har vi i samråd med kommunen fastsett funksjonell strandsoner som smalare enn 100-metersbeltet dersom:

- strandsona er så dominert av inngrep at føremålet med strandsonevernet ikkje lengre gir meining, for eksempel ferjekaiane eller næringsområde
- strandsona er så privatisert av busetnad og/eller andre stengsler at allmenn bruk og ferdsel ikkje lengre er mogleg
- bratt terreng og/eller veg dannar ei naturleg grense mot sjøen.

Motsett er funksjonell strandsoner utvida der strandsona inngår i ein større samanheng utover 100-metersbeltet, slik som øyane og holmane, samanhengande landskapsform, eller der opne kulturlandskap, bygningsmiljø og landskapsrom omfattar eit heilskapleg område frå fjord til ei klar grense mot veg, skog eller fjell.

Øyane og holmane er ein viktig del av dei visuelle og funksjonelle samanhengane i strandsona. Privatiseringsgrad er derfor tillagt mindre vekt i vurderinga av FS på øyane enn på fastlandet, sjølv om enkelte av dei ber preg av å vere sterkt privatiserte.

Fastsetjinga av funksjonell strandsoner er gjort med grunnlag i kartfesta temadata, med tilleggsvurderingar av landskapsrom/terrengformer, bygningsmiljø, vegetasjonsbilete og visuelle samanhengar/kontakt med sjøen etter kriteriesettet vist i følgjande tabell.

Tabell 1 Kriterium for kartlegging av funksjonell strandsoner

Kriterium for kartlegging av funksjonell strandsoner			
Tema	Delkriterium/vurdering		Bakgrunn/kjelde
Naturmangfald	Område verna etter naturvernlova	Innlemma i funksjonell strandsoner (FS) eller økologisk knytt til strandsona	Naturbase
	Område registert med viktig biologisk mangfald	Innlemma i FS eller økologisk knytt til strandsona	Naturbase
Landskap	Større vassdrag	Strandsoner ved elveutløp	Kart, synfaring, skråfoto.
	Topografi	Lengre/større parti med 25 graders helling, FS fastsett i overkant	Bratleiksanalyse
	Landskapsrom/-element	Del av FS ved særskilte/tydelege landskapsrom/-element.	Kart, synfaring, skråfoto.
	Landskapstype og – verdi	Landskapsmanhengen del av FS	Fylkeskartlegging
Kulturminne	Automatisk freda kulturminne	Innlemma i FS om knytt til strandsona	Askeladden
	Kulturmiljø	Innlemma i FS om knytt til strandsona	Askeladden kommunale kartleggingar
Friluftsliv	Statleg/kommunalt sikra friluftsområde ved sjø	Innlemma i FS	Kommuneplanens arealdel, Naturbase, Bergen og omland friluftsråd (BOF)
	Regionalt viktige friluftsområde	Del av vurderinga i høve verdien av området	Kart i vest (fylkeskommunen)
	Lokale badeplassar/ friområde	Innlemma i FS	KPA, kommunale kartleggingar, Bergen og omland friluftsråd (BOF)
Landbruk	Kjerneområde for landbruk og Dyrka mark (fulldyrka, overflate dyrka, innmarksbeite)	100 metersbeltet eller landskapsrom. I utgangspunktet verna gjennom Jordlova og PBL, men er vurdert i høve tilgjenge, storleik, kvalitet og samanheng med strandsona.	Temakart kjerneområde landbruk AR5 (FKB)
Infrastruktur	Veg	Tilgjenge. Skilt mellom hovudveg/ landbruksveg og sti. Veg er avgrensing for FS der veg er ein klar barriere eller naturleg grense for endra bruk.	Kart, synfaring, skråfoto.
	Busetnad og bygningsmiljø	Busetnad ned til sjø kan vera ein naturleg avgrensing av FS. Ikkje ålment tilgjengeleg strandsoner. Vurdering i høve storleik, privatiseringsgrad, omfang	Byggeområde i kpa Bygningspåverka strandsoner Vurderingar på synfaring og ved bruk av skråfoto
	Sjøtilknytt busetnad (naust, rorbu, spreidd fritidsbusetnad)	Kan vere del av FS dersom hovudpreget er at det er ålment tilgjengeleg. Vurdering i høve storleik, privatiseringsgrad, omfang.	Vurderingar på synfaring og ved bruk av skråfoto
Plan	Reguleringsplan	FS sett grovt etter byggjegrænse fastlagt i reguleringsplan	Planregisteret, www.kommuneplan.com
	Kommuneplan	Eksisterande byggjgeområde er vurdert som ikkje del av FS, medan framtidige byggjgeområde er vurdert som del av FS:	KPA



### 2.3.3 Tilgjengeleg strandsone

Definisjon av tilgjengeleg strandsone er henta frå forstudien «*Differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordland*», der tilgjengeleg strandsone er definert som strandsone tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv.

Innleiingsvis i strandsonekartlegginga har vi gjort ein analyse av ålment tilgjengeleg strandsone basert på geografiske analysar som syner hellingsgrad og bygningspåverka strandsone.

#### Hellingsgrad

I eit friluftsperspektiv er topografi avgjerande for tilgjenge til område. Område med hellingsgrad brattare enn 25 grader er definert som utilgjengelege for ålmennt ferdsel, dvs. at område som er slakare enn 25 grader er tilgjengelege. Dette har vi vist gjennom ein hellingsanalyse i temakart «*tilgjengelighet*».

#### Bygningspåverka strandsone – Bygningsnær strandsone

Bygningspåverka strandsone er jf. SSB "Kystlinje som er omfatta av påståande bygning, definert ved den delen av kystlinja som er innan 100 meter frå bygningens senterpunkt- koordinat".

I strandsoneanalysen har vi nytta SSB sin definisjon av *byggningsnært areal* som grunnlag for å kartleggje urørt strandsone. Byggningsnært areal (<50 meter) er "Strandsoneareal som er bebygget (bygningers grunnflate uansett bygningstype) eller ligger 50 meter fra ytterveggen til følgende bygningstyper:

- Alle typer boliger med unntak av naust, båthus og sjøbuer. Argumentet for ikke å inkludere naust, båthus og sjøbuer er at området rundt disse i hovedsak er tilgjengelige for allmennheten store deler av året.
- Industribygninger
- Hotellbygninger, men ikke andre bygninger for overnatting eller restaurantbygning, siden de to sistnevnte anses å være tilgjengelige for allmennheten."<sup>3</sup>

I dette arbeidet har vi ikkje gjort unntak for naust, sjøbuer, båthus, industribygg og hotellbygg, men lagt alle bygningstypar til grunn i analysen av bygningspåverka strandsona. Dette med grunnlag i at vi gjennom synfaring av heile strandlina i Os kommune med båt har sett at utforminga, terrenginngrepa og tettleiken av naust, båthus og sjøbuer, industribygg og kaiar, i stor grad er med på å privatisere strandsona heile året.

Det er gjort bufferanalyse for å definere byggningsnær strandsone (<50 m) til alle bygningsmiljø. Byggningsnær strandsone er så samanstilt med brattleiksanalyse i temakart «*tilgjengelighet*».

Karta er utarbeidd i GIS-verktøy ut frå eksisterande datagrunnlag. Moglege feil og generaliseringar i datagrunnlaget og i analysane kan vere ei feilkjelde som påverkar kvaliteten på resultatane.

Temakart «*tilgjengelighet*» er nytta som grunnlag for å sette funksjonell strandsonebane saman med kartleggingar og vurderingar av tema og kriterium slik det går fram av tabell 1.

## 2.4 Kjelder og innsamling av data

### 2.4.1 Kjelder metodikk

- "Differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordaland". Forstudie utarbeid av Akvator 2010.
- "Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland". Strandsoneretleiar 2007. Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune.

### 2.4.2 Innsamling av data

Datainnsamling er gjort i samarbeid med kommunen. Det er henta inn kjent kunnskap frå eksisterande datakjelder og tilgjengelege kartdatabasar. Følgjande datagrunnlag er nytta:

- Felles kartdatabase (FKB– særleg vassline, bygg, veg og høgdekotar)
- Digitalt markslagskart (AR5): Fulldyrka jord, Overflatedyrka/ beite.
- Naturbase, kartfesta informasjon om utvalde natur- og friluftslivsområde. Miljødirektoratet MD
  - Naturvernområde
  - Naturtypar (registrering og verdisetting av viktige naturtypar for biologisk mangfald etter eigen metode.). Verdiskala for naturtype-område: A-svært viktige, B-viktige, C-lokalt viktige.
  - Artar av nasjonal interesse.
  - Funksjonsområde for artar
  - Statleg sikra friluftsområde (sikra med statlege midlar, kartfesta i Naturbase)
- Arealbruk i kommuneplanen
  - Vannareal for allment friluftsliv
  - Friområde/idrettsanlegg/park
  - Kaste- og låssettingplass
  - Akvakulturområde
  - Fiskeområde
  - Område for vannscooter
  - Småbåthamn
- Temakart kjerneområde landbruk frå Os kommune
- Regionalt viktige friluftsområde
- Bergen og omland friluftsråd sine friluftsområde (BOF - område)
- Kulturminne
  - Askeladden (automatisk freda kulturminne, fornminne)
  - SEFRAK registeret (nyare tids kulturminne, bygningar)
- Verdivurdering av landskapsområde i Hordaland. (Aurland naturverkstad/Hordaland fylkeskommune 2011). Kjelde: Fylkeskommunen sitt kart i vest.
  - Inndeling av heilskaplege landskapsområde i landskapstype etter metodikk frå Nasjonalt referansesystem for landskap. Verdiskala: 5-svært stor verdi, 4-stor verdi, 3-middels verdi, 2-vanleg førekomande, 1-få/ reduserte verdier
- Skråfoto gjennom kommunen sin innsynsløysing: <http://www.blomurbex.com/default/index.html>
- Gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar gjennom: [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com)

Området vart synfare med båt 13.09.2016 og 14.09.2016.

<sup>3</sup> Bygging i strandsona. Metode og resultat. Statistisk sentralbyrå, SSB 2006/50)

### 3 EKSEMPEL PÅ BYGGING I STRANDSONA

Os kommune har ein attraktiv skjergard med mange øyar og holmar. Store delar er karakterisert som friluftsområde med regional verdi, samstundes som kommunen opplever eit stort utbyggingspress knytt til strandsona. Karakteristiske trekk ved strandsona i Os er at den i dei mest attraktive områda i skjergardsområda frå Lysefjorden til Søre Øyane i vest er nokså sterk bygningspåverka og privatisert, medan strandsona langs Fusafjorden frå Bjånes til kommunegrensa i aust både er brattare og har mindre utbyggingspress.

Kring Osøyri er strandsona i stor grad bygd, samstundes som det fleire stader er sikra gode friluftsområde og tilgjenge til fjorden. Innerst i Osøyro, på nordsida av brua fv 552 Hatvikvegen er strandsona for eksempel stort sett privatisert, mens sør for brua fv 552 Hatvikvegen til Mobergsvikjo i vest og Steinneset i aust er strandsona tilrettelagt med promenade.

I det følgjande er det vist eksempel på bygningsmiljø og korleis funksjonell strandsone er vurdert i ulike område.

#### 3.1 Bustad og fritidsbusetnad

Karakteristisk ved mange av bygningsmiljøa i strandsona i Os er at det er blanda miljø av eldre og nyare bustader og fritidsbustader. Fastlandet og dei større øyane Strøno og Røtinga som har vegtilkomst har mest bustader, men nokre områder er dominert av fritidsbustader som til dømes Ballandsneset og Brandneset. På dei mindre øyane dominerer fritidsbustadene.



Bilde 1 Busetnad vest på Strøno ved Strøneshjæen. Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com)

Bilde 1 er frå vestsida av Strøno (ved Strøneshjæen) og viser bustader som privatiserer strandsona heilt ned til sjøkanten. Dei ligg også tett på nausta. Det er blanding av bustader og fritidsbustader i området.




Bilde 2 Brimsholmen. Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com)

Bilde 2 viser Brimsholmen som har blanding av bustader, fritidsbustader, naust og andre bygg. Brimsholmen er sterkt bygningspåverka og er vurdert til å ikkje ha funksjonell strandsone pga. privatisert og utilgjengeleg strandsone.



Bilde 3 Ramsholmen med hyttebusetnad på sørlig del av holmen. Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com)

Øyer og mindre øyer utan vegtilkomst har i hovudsak fritidsbusetnad. Bilete 3 er døme på dette og viser Ramsholmen som har hytter på sørlig del av holmen. Fritidsbustadene ligg heilt ned mot sjøkanten og privatiserer strandsona. Sørleg del av Ramsholmen er vurdert til ikkje vere del av den funksjonelle strandsona, mens nordleg del av Ramsholmen som ikkje er bygningspåverka er del av den funksjonelle strandsona.



Bilde 4 Hyttebusetnad i Nordrevågen. Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com)

Bilde 4 viser nokre fritidsbustader i Nordrevågen som i stor grad privatiserer strandsona. Nesa dei ligg på er vurdert som viktig del av landskapssamanhengen kring vågen. Fordi dei ligg som enkeltbygg i eit større upåverka strandsoneområde, er dei vurdert til å ligge innanfor den funksjonelle strandsona.




Bilde 5 Olsknappen med fritidsbustader. Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com)

Bilde 5 viser Olsknappen med enkle fritidsbustader i strandsona. Her er det ikkje stengsler eller brygger som privatiserer, og heile området er vurdert å vere ein del av den funksjonelle strandsona.


### 3.2 Småbåthamn, naust og brygger

Strandsona i kommunen er også prega av mange naust, brygger og småbåthamner. Utforming, terrenginngrep og bruk gjer at mange av dei er utilgjengelege for ålmenn ferdsel og friluftsliv.



Bilde 6 Naustvågen. Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com)

Bilete 6 syner småbåthamn i Naustvågen. Nausta ligg tett, det same gjer bryggene. Store deler der ein kunna hatt tilgjengeleg strandsona er privatisert og bygd med naust, nokre bustader og fritidsbustader. Berre innerste del av Naustvågen er del av funksjonell strandsona (og satt av til friområde i kpa).



Bilde 7 Skeisleira. Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com)

Det er i strandsoneforvaltninga generelt sett ein fordel at naust og brygger vert samla i felles anlegg slik at ein kan spare større område til ålment bruk. Bilete 7 frå Skeisleira viser to døme på anlegg for naust og brygger som har fått ulik vurdering. Nausta til venstre i biletet ligg tett, med fritidsbustadane bak, også tett på. Strandsona her er privatisert og utilgjengeleg. Området midt i og til høgre i biletet er vurdert som ein del av funksjonell strandsona. Dette området er ope og tilgjengeleg, og synest ikkje privatisert i like stor grad som naustområdet til venstre.

# 4 GJENNOMGANG AV KARTLEGGINGSOMRÅDA

Temakart Tilgjengelighet

Sumkart

Område 1

Tilgjengelighetstema

- 100m beltet
- Bygningspåvirket del av strandsonen (<50m fra bygg)
- Helning over 25 grader

Bygningstyper


- bolig
- hytte
- industri/lager
- landbruk/fiske
- offentlige bygg
- andre bygg

1:13000 i A3  
5m koter

609489-01

7.des 2016

N  
Grunnlagsdata oppdatert 19/9-2016  
0 200 400 m



# Temakart: Funksjonell strandsone - alle temalag

## Område 1

### Strandsone

- 100m beltet
- Funksjonell strandsone

### Friluftsområde

- BoF-område
- Statlig sikra friluftsområde - Naturbase
- Vannareal for allment friluftsliv -KPA
- Friområde/idrettsanlegg/park - KPA

### Naturmiljø

- Naturvernområde - Naturbase
- Naturtype - Naturbase
- Arter nasjonal interesse - Naturbase
- Funksjonsområde arter - Naturbase

### Kulturmiljø

- Automatisk freda - RA (inkludert sikringsone)
- Meldepliktig bygg - SEFRAK
- Anna bygg registrert i SEFRAK
- Ruin eller fjerna obj. - SEFRAK
- Krigsminne - Os kommune

### Arealbruk

- Kjerneområde landbruk - Os kommune
- Fulldyrka jord - Ar5
- Overflatedyrka/beite - Ar5
- Kaste- og låssettingplass - KPA
- Akvakulturområde - KPA
- Fiskeområde - KPA
- Område for vannscooter - KPA
- Småbåthamn - KPA


### Bygg

- Bustad
- Fritidsbustad
- Industri/lager
- Landbruk/fiske
- Offentlege bygg
- Andre bygg

1:13000 i A3  
5m koter

Asplan Viak pnr. 609489-01


14.des 2016



OMRÅDE 1	Biologisk mangfold/ Naturmangfold	Landskap	Kulturminne	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur
Lysøya med holmer i vest bl.a. Store Brattholmen Leirvågneset - Hatlevika	Nova – Regnskog. Verdi: Viktig (B). Store Brattholmen – Regnskog. Verdi: Viktig (B). Brattholmen – svartbak – Art av særlig stor forvaltningsinteresse. Lysøen vest– Kystfuruskog. Verdi: Lokalt viktig (C). Leirvågen – Strandeng og strandsump. Verdi: Lokalt viktig (C). Leirvågen i Lysefjorden – Ålegrassamfunn. Verdi: Lokalt viktig (C). Sørstraumen – Rik edellauvskog. Verdi: Viktig (B). Sørstraumen i Lysefjorden – Ålegrassamfunn. Verdi: Lokalt viktig (C). Pøyla – Brakkvannspoller. Verdi: Svært viktig (A) Pøyla – Ålegrassamfunn. Verdi: Viktig (B). Straumsvika – Regnskog Verdi: Viktig (B).	I hovudsak del av landskapstype: Indre øy, holme og skjærgårdslandskap: «Skorpeosen-Nordvika». Verdi: 3 middels verdi. Vestlege delar av Nova, Løholmen og Olsknappen del av Landskapstype: Brede fjordløp og fjordmøter: «Korsfjorden-Bjørnafjorden». Verdi: 2 vanleg førekommande landskap. Landskapet rundt Pøyla del av landskapstype Sprekkedaler: «Lysekloster». Verdi 4: Stor verdi.	Villa Lysøen – ikkje freda feriested-landsted. Fleire SEFRAK- registrerte bygg på Lysøya. Nordstraumen - Lok. 1 (2001) aut. freda. bosetning-aktivitetsområde. Fleire krigsminnelokaliteter på Bordvikneset: Støttepunkt Nordstraumen: - Åpen maskingeværstilling mot sør - Sørvendt bombekasterbrønn med løpegrav. - Åpen maskingeværstilling, mot Lysefjorden. - Kanonplattform for PaK – mot Lysefjorden Sjøbøen - Lok. 1 aut. freda hamneområde. Eit par SEFRAK- registrerte bygg i Bjoarvika	Lysøen friluftsområde (BOF). Sperrevik – statlig sikra friluftsområde og BOF- område Verdi: Viktig (B). Søvikvågen friluftsområde (BOF).	Fylldyrka og overflatedyrka/ beite på Leirvågneset og nes på sørvestsida av Sperrevikvegen og Sperrevik. Fullldyrka ved Pøyla, Søvika og Søvikvågen, Bjoarvika	Fv. 163, Lokale tilkomstvegar, landbruksvegar.



Bilde 8 Heilskapleg kulturmiljø mellom sjø og veg i Sperrevika og på nes på sør for Sperreviksvegen. Bordvikneset med fleire krigsminnelokalitetar og med eit automatisk freda bosetning-aktivitetsområde. Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com)



Bilde 9 Olsknappen. Karakteristisk og heilskapleg landskap som ikkje er privatisert. Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com)



# Temakart Tilgjengelighet

## Sumkart


### Område 2

#### Tilgjengelighetstema

- 100m beltet
- Bygningspåvirket del av strandsonen (<50m fra bygg)
- Helning over 25 grader

#### Bygningstyper

- bolig
- hytte
- industri/lager
- landbruk/fiske
- offentlige bygg
- andre bygg



1:13000 i A3  
5m koter  
609489-01  
7.des 2016





# Temakart: Funksjonell-strandsone - alle temalag

## Område 2

### Strandsone

- 100m beltet
- Funksjonell strandsone

### Friluftsområde

- BoF-område
- Statlig sikra friluftsområde - Naturbase
- Vannareal for allment friluftsliv -KPA
- Friområde/idrettsanlegg/park - KPA

### Naturmiljø

- Naturvernområde - Naturbase
- Naturtype - Naturbase
- Arter nasjonal interesse - Naturbase
- Funksjonsområde arter - Naturbase

### Kulturmiljø

- Automatisk freda - RA (inkludert sikringsone)
- Meldepliktig bygg - SEFRAK
- Anna bygg registrert i SEFRAK
- Ruin eller fjerna obj. - SEFRAK
- Krigsminne - Os kommune

### Arealbruk

- Kjerneområde landbruk - Os kommune
- Fulldyrka jord - Ar5
- Overflatedyrka/beite - Ar5
- Kaste- og låssettingplass - KPA
- Akvakulturområde - KPA
- Fiskeområde - KPA
- Område for vannscooter - KPA
- Småbåthamn - KPA

### Bygg


- Bustad
- Fritidsbustad
- Industri/lager
- Landbruk/fiske
- Offentlege bygg
- Andre bygg

1:13000 i A3  
5m koter


Asplan Viak pnr. 609489-01

14.des 2016

N  
Grunnlagsdata oppdatert 19/9-2016  
0 200 400  
m



OMRÅDE 2	Biologisk mangfold/ Naturmangfold	Landskap	Kulturminne	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur
<b>Størjepollholmen, Store Havreholmen, Bjørnarøya og Skotøya med fleire holmer. Hatlevika - Hillershavn</b>	Kubbholmen naturreservat: Hekkande sjøfugl – makrellterne – Art av særlig stor forvaltningsinteresse. Holmar s.f. Leiholmane – makrellterne – Art av særlig stor forvaltningsinteresse	I hovudsak del av landskapstype: Indre øy, holme og skjærgårdslandskap: «Skorpeosen-Nordvika». Verdi: 3 middels verdi. Vestlege delar av Store og Vetle Havreholmen, Smørøya, Stongholmen og Laksholmen del av landskapstype: Brede fjordløp og fjordmøter: «Korsfjorden-Bjørnafjorden». Verdi: 2 vanleg førekommande landskap. Fastland sør for Leiholmen og inn til Hillershavn del av landskapstype: Middels breie fjordløp: Skeiosen. Verdi: 2 vanleg førekommande landskap.	Baland - Fetts fk. 1. aut. freda gravminne. Baland - Fetts fk. 2, Vardane aut. freda gravminne. Baland - Heller, Myra. aut. freda bosetning-aktivitetsområde. Drange - Sta. lok. aut. freda bosetning-aktivitetsområde. Askvik - Fetts fk. 1, Klubben og sta. lok. aut. freda bosetning-aktivitetsområde.		Fulldyrka jord aust for Balandsneset, i Eidsvika og i vika ved Havnaklubben.	Fv. 163, Lokale tilkomstvegar.



Bilde 10 Vågakongen og Ballandneset. Karakteristisk landskap som er viktig del av visuelle og funksjonelle samanhengane i strandsona. Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com)



Bilde 11 Heilskapleg kulturmiljø ved Havnaklubben. Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com)

# Temakart Funksjonell-strandsone

## Sumkart


### Område 2

#### Strandsone

- 100m beltet
- Funksjonell strandsone
- Privatisert strandsone


#### Bygningstyper

- bolig
- hytte
- industri/lager
- landbruk/fiske
- offentlige bygg
- andre bygg



1:13000 i A3  
5m koter  
609489-01  
7.des 2016





Temakart Tilgjengelighet


Område 3

Grunnlagsdata oppdatert 19/9-2016

0 200 400 m

- |   |                      |
|---|----------------------|
| <b>Tilgjengelighetstema</b>                           | <b>Bygningstyper</b> |
| — 100m beltet   | ■ bolig              |
| ■ Bygningspåvirket del av strandsonen (<50m fra bygg) | ■ hytte              |
| ■ Heining over 25 grader                              | ■ industri/lager     |
|   | ■ landbruk/fiske     |
|   | ■ offentlige bygg    |
|   | ■ andre bygg         |

1:13000 i A3 5m koter 609489-01 7. des 2016



Temakart: Funksjonell strandzone - alle temalag Område 3


Grunnlagsdata oppdatert 19/9-2016

0 200 400 m

- |  |  |  |                                      |                   |
|--|--|--|--------------------------------------|-------------------|
| <b>Strandzone</b>                          | <b>Naturmiljø</b>                      | <b>Kulturmiljø</b>                               | <b>Arealbruk</b>                     | <b>Bygg</b>       |
| — 100m beltet                              | ■ Naturvernområde - Naturbase          | ● Automatisk freda - RA (inkludert sikringszone) | ■ Kjerneområde landbruk - Os kommune | ■ Bustad          |
| — Funksjonell strandzone                   | ■ Naturtype - Naturbase                | ▲ Meldepiktlig bygg - SEFRAK                     | ■ Fulldyrka jord - Ar5               | ■ Fritidsbustad   |
|  | ■ Artar nasjonal interesse - Naturbase | ▲ Anna bygg registrert i SEFRAK                  | ■ Overflatedyrka/beite - Ar5         | ■ Industri/lager  |
|  | ■ Funksjonsområde artar - Naturbase    | ▲ Ruin eller fjerna obj. - SEFRAK                | ■ Kaste- og lassettingplass - KPA    | ■ Landbruk/fiske  |
| <b>Friluftsområde</b>                      |  | ◆ Krigsminne - Os kommune                        | ■ Akvakulturområde - KPA             | ■ Offentlige bygg |
| ■ BoF-område                               |  |  | ■ Fiskeområde - KPA                  | ■ Andre bygg      |
| ■ Statlig sikra friluftsområde - Naturbase |  |  | ■ Område for vannscooter - KPA       |                   |
| ■ Vannareal for allment friluftsliv - KPA  |  |  | ■ Småbåthamn - KPA                   |                   |
| ■ Friområde/drettsanlegg/park - KPA        |  |  |                                      |                   |

1:13000 i A3 5m koter Asplan Viak pnr. 609489-01 14. des 2016

OMRÅDE 3	Naturmangfold	Landskap	Kulturminne
Skorpo, Forstrøno, Storeknappen, Flatøya, Alholmen	Forstrøno, Os 2 – Bløtbunnsområder i strandsonen. Verdi: Lokalt viktig (C). Storeknappen nord – Regnskog. Verdi: Viktig (B). Sørevågen og Øksavågen: Forstrøno, Os – Bløtbunnsområder i strandsonen. Verdi: Viktig (B).	I hovedsak del av landskapstype: Indre øy, holme og skjærgårdslandskap: Skorpeosen-Nordvika. Verdi: 3 middels verdi. Vestlege delar av Skorpo, Ternøya, Storeknappen og Alholmen del av Landskapstype: Brede fjordløp og fjordmøter: Korsfjorden-Bjørnafjorden. Verdi: 2 vanleg førekommande landskap	Skorpo 1 – aut. freda bosetning-aktivitetsområde. Skorpo 2 – aut. freda bosetning-aktivitetsområde. Forstrøno – Heller – aut. freda bosetning-aktivitetsområde. Forstrøno - Fetts fk. 1 aut. freda gravrøys/gravminne
	<b>Friluftsliv</b>	<b>Landbruk</b>	<b>Infrastruktur</b>
	Skorpo – statlig sikra friluftsområde (Verdi: Svært viktig, A) og BOF-område. Ervikane – statlig sikra friluftsområde (Verdi: Svært viktig, A) og BOF-område. Inkluderer også BOF-områdene: Oksabåsen og Vetlaneset friluftsområde Kuskjæret - Forstrøno (m. Furuskjær) – statlig sikra friluftsområde (Verdi: Viktig, B) og BOF-område.	Overflatedyrka/ beite på sentrale delar av Forstrøno.	



**Temakart Funksjonell strandzone – Sumkart Område 3** Grunnlagsdata oppdatert 19/9-2016 0 200 400 m


**Strandzone**  
 — 100m bellet  
 Funksjonell strandzone  
 Privatisert strandzone

**Bygningstyper**  
 bolig  
 hytte  
 industri/lager  
 landbruk/fiske  
 offentlige bygg  
 andre bygg

1:13000 i A3 5m koter 609489-01 7. des 2016




Bilde 12 Heilskapleg kulturlandskap med innmarksbeite og naustmiljø på Forstrøno som er del av funksjonell strandzone.  
 Kjelde skråfoto: [www.blomurbex.com](http://www.blomurbex.com).



**Temakart Tilgjengelighet** **Område 4** Grunnlagsdata oppdatert 19/9-2016 0 200 400 m

- |   |                      |
|---|----------------------|
| <b>Tilgjengelighetstema</b>                           | <b>Bygningstyper</b> |
| — 100m beltet   | ■ bolig              |
| ■ Bygningspåvirket del av strandsonen (<50m fra bygg) | ■ hytte              |
| ■ Heining over 25 grader                              | ■ industri/lager     |
|   | ■ landbruk/fiske     |
|   | ■ offentlige bygg    |
|   | ■ andre bygg         |

1:13000 i A3 5m koter 609489-01 7. des 2016




**Temakart: Funksjonell strandzone - alle temalag** **Område 4** Grunnlagsdata oppdatert 19/9-2016 0 200 400 m

- |  |  |   |                                      |                   |
|--|--|---|--------------------------------------|-------------------|
| <b>Strandzone</b>                          | <b>Naturmiljø</b>                      | <b>Kulturmiljø</b>                              | <b>Arealbruk</b>                     | <b>Bygg</b>       |
| — 100m beltet                              | ■ Naturvernområde - Naturbase          | ○ Automatisk freda - RA (inkludert sikringsone) | ■ Kjerneområde landbruk - Os kommune | ■ Bustad          |
| — Funksjonell strandzone                   | ■ Naturtype - Naturbase                | ▲ Meldepliktig bygg - SEFRAK                    | ■ Fulldyrka jord - Ar5               | ■ Fritidsbustad   |
|  | ■ Artar nasjonal interesse - Naturbase | ▲ Anna bygg registrert i SEFRAK                 | ■ Overflatedyrka/beite - Ar5         | ■ Industri/lager  |
|  | ■ Funksjonsområde artar - Naturbase    | ▲ Ruin eller fjerna obj. - SEFRAK               | ■ Kaste- og lassetingsplass - KPA    | ■ Landbruk/fiske  |
| <b>Friluftsområde</b>                      |  | ◆ Krigsminne - Os kommune                       | ■ Akvakulturområde - KPA             | ■ Offentlige bygg |
| ■ BoF-område                               |  |   | ■ Fiskeområde - KPA                  | ■ Andre bygg      |
| ■ Statlig sikra friluftsområde - Naturbase |  |   | ■ Område for vannscooter - KPA       |                   |
| ■ Vannareal for allment friluftsliv - KPA  |  |   | ■ Småbåthamn - KPA                   |                   |
| ■ Frimråde/direttsanlegg/park - KPA        |  |   |                                      |                   |

1:13000 i A3 5m koter Asplan Viak pnr. 609489-01 14. des 2016

OMRÅDE 4	Biologisk mangfold/ Naturmangfold	Landskap	Kulturminne
